

Helse Bergen HF

Att: Administrerende direktør Eivind Hansen

postmottak@helse-bergen.no

Knarvik, 20. desember 2022

Ambulansetenesta – vedr. forslag i Helse Bergen HF om å kutta ein AMB på kveld og natt

Regionrådet Nordhordland viser til forslag internt i Helse Bergen om å kutta i ambulansetenestene på kveld og natt i samband med at Helse Bergen må gjera store kutt i budsjett. Dette rårar m.a. ambulansestasjonane i Knarvik, Øygarden og Voss.

Regionrådet har stor forståing for den økonomiske situasjonen Helse Bergen er i, den same problemstillinga står alle kommunar også over for. Ein reduksjon i ambulansetilbodet kan ikkje sjåast uavhengig av helse- og omsorgstenestene, inkludert fastlegar og legevakt i kommunane. Med bakgrunn i avtalar og faglege vurderingar finn me det uheldig at helseføretaket ikkje har hatt dialog med kommunane om dette, me viser her til tenesteavtale 11 som seier at Helse Bergen HF og Haraldsplass DS og kommunane i føretaksområdet pliktar å samarbeida om utvikling av akuttmedisinske tenester slik at tilbodet samla blir tilgjengeleg og av god kvalitet.

Nordhordland legevakt (NHLV) er ein interkommunal legevakt, inkludert legevaktsentral, for kommunane Alver, Austrheim, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy. I tillegg har NHLV legevaktsentral for Fedje. Alver kommune er vertskommune og har ansvaret for drift av legevakta. Legevaktdistriktet er stort og har kyst, øyar, fjordar og fjell, og har om lag 45 000 innbyggjarar.

Regionrådet ser med stor bekymring på at Helse Bergen vurderer å redusera ambulansetkapasiteten på natt. Det er allereie i dag om lag ein samtidigheitskonflikt kvar natt, slik at det er grunn til å tru at kapasiteten no er marginal. I forslaget ligg det reduksjon i ambulansetkapasiteten i fleire område (Bergen, Voss, Øygarden). Helse Bergen styrer AMB som ein flåte, det betyr at reduksjon i kapasitet i nokre område, vil påverka den akuttmedisinske kjeda i alle kommunar som er i området til Helse Bergen.

For Nordhordland sin del, får dette fort konsekvensar då AMB frå distriktet (Austrheim, Gulen og gjerne Osterøy) vert trekt inn mot Knarvik, Åsane og Bergen etter behov. Dette kan bety samtidigheitskonfliktar, lengre utrykkingstid, meir bruk av LV / legevaktbil og meir avhengigheit av luftambulanse. Det kan og bety enda større press på «first respondertenesta» til våre brannvesen.

Regionrådet ønskjer derfor å vera tydeleg på at ambulansetenesta / beredskap ikkje er rette plassen å spara pengar på. Regionrådet ber om at Helse Bergen heldt oppe det tilbodet ein har i dag, evt. at Helse Bergen går i dialog med kommunane i samsvar med samarbeidsavtalane før det blir tatt en avgjerd som påverkar tilbodet om akuttmedisinske tenester for innbyggjarane i kommunane. Dette sjølv om det endelege forslaget ikkje fører til like stor reduksjon i ambulansetilbodet som det som først vart signalisert.

Med venleg helsing



Karstein Totland

Leiar Regionrådet Nordhordland



Sara Sekkingstad

Nestleiar Regionrådet Nordhordland

